

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		30.11.2021

## Fråsegn til kommuneplanens arealdel 2020-2031 - Gulen kommune (2.gongs høyring)

1. Fylkesutvalet ser det som positivt og viktig for planlegginga i kommunen at Gulen no får ein oppdatert arealdel til kommuneplanen med føringar for ønska utvikling.
2. Gulen kommune har lagt opp til senterstruktur med fire krinsar og bygdesentrum: Brekke, Byrknes, Dalsøyra, og kommunesenteret Eivindvik. Planlagt areal for næring og bustader stør opp om utviklinga av desse.
3. Kommunen har gjennomgått og redusert talet på og areal for spreidd utbygging i landbruks- natur- og friluftsområde. Dette bidreg til å oppfylle nasjonale og regionale mål for samordna areal- bustad- og transportplanlegging.
4. Kommunen har på fleire måtar søkt å løyse utfordringar knytt til klimatilpassing, t.d. gjennom omsynssoner knytt til steinsprang, jord- og flaumskred, og teke omsyn til venta havnivåstiging. Fylkesutvalet meiner at mål for klimagassutslepp må oppdaterast, då Noreg jf. Parisavtalen skal kutte klimagassutsleppa med 50-55% innan 2030.
5. Fylkesutvalet meiner kommunen har gjort gode vurderingar av arealforvaltning knytt til strandsona. Dette ut frå dei prioriteringane ein har gjort for næringsareal, og at ein ikkje prioriterer nye areal til fritidsbustader.
6. Fylkesutvalet ser kommunen sitt fokus på friluftsliv, natur og implementering av folkehelsearbeidet i det overordna planarbeidet som positivt.
7. Fylkesutvalet meiner det er positivt at kommunen går vidare med dei endringane som gjeld akvakulturområde for laks/regnbogeaure, med unntak av Ospeneset.
8. Kommunen har viktige kulturminneverdiar av regional og av nasjonal verdi som kommunen også er bevisst på. Fylkesutvalet ser likevel at kommunen har potensial til å ta omsyn til og sikre kulturminneverdiane på ein endå betre måte.

## Samandrag

Gulen kommune har lagt ut kommuneplanens arealdel (KPA) på 2. gongs høyring. I arbeidet med KPA har kommunen fokusert på areal for næringsutvikling, bustadbygging, offentlege føremål, vidare sentrumsutvikling med fokus på kultur og handel i bygdesentera, samt infrastruktur og trafikktryggleik.

Til 2. gongs høyring har kommunen følgt opp mange av innspela fylkeskommunen kom med til 1. gongs høyring. Planframlegget oppfyller no i større grad nasjonale og regionale mål. I planen er det tydeleg at kommunen fokuserer på utvikling av bygdesentra Brekke, Byrknes, Dalsøyra, og kommunesenteret Eivindvik. Dette er vist gjennom prioriteringar av bustad- og næringsareal i desse områda. Fylkeskommunen nyttar høvet til å minne om oppdaterte mål for kutt i klimagassutsleppa. Når det gjeld strandsona ser fylkeskommunen det som positivt at ein ikkje legg

opp til nye fritidsbustadføre mål i strandsona. Dette står opp under nasjonale og regionale målsetnader. Friluftsliv og tilgangen til naturopplevingar er i fokus i planarbeidet, vi viser til ny rettleiar for universell utforming i planlegging, og at denne kan bidra til heilskap for temaet.

Fylkesdirektøren meiner kommunen har gjort eit godt arbeid med kommuneplanen sin arealdel, og i hovudsak tatt omsyn til innspela frå fylkeskommunen i prosessen på ein høveleg måte. Fylkesdirektøren kan likevel ikkje sjå at kommunen har teke nok omsyn eller sikra kulturminne og kulturmiljø tilstrekkeleg i planen og fremjar administrativ motsegn til planen.

Rune Haugsdal  
fylkesdirektør

Paal Fosdal  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

#### Vedlegg

- 1 KPA politisk handsaming i Gulen kommune
- 2 Administrativ fråsegn etter arbeidsmøte
- 3 Innspel\_ Kulturminne og kulturmiljø
- 4 Oppdatert plankart KPA\_ Gulen
- 5 Oppdatert KU KPA\_ Gulen
- 6 Oppdatert planskildring KPA\_ Gulen
- 7 Oppdaterte føresegner KPA\_ Gulen

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen vurderer med dette framlegg til kommuneplanens arealdel for Gulen kommune til andre gongs høyring. Gjeldande arealdel var vedteken i 2014, og kommunen har vurdert at det er behov for ei delvis oppdatering av planen.

#### Prosess med kommunen

Arealdelen til kommuneplan er på høyring med utsett frist til 24.11.2021. Bakgrunnen for dette er at det har vore feil ved plandokumenta som først var lagt ut til 2. gongs høyring. Grunna politisk handsaming vil vi sende fråsegna med innstilling frå fylkesdirektøren så snart denne er godkjend i forkant av utvalsmøtet. Vidare sender vi endeleg vedtak i saka når protokollen er klar frå fylkesutvalet. Ved første utkast til plan vart det halde arbeidsmøte (23.04.2020) med kommunen, der fleire statsetatar deltok i tillegg til fylkeskommunen. Det vart sendt ei administrativ fråsegn frå fylkeskommunen i etterkant av arbeidsmøtet. Fråsegna ligg vedlagt saka. I arbeidsmøtet vart det avgjort at utkastet skulle arbeidast vidare med, og derfor var ikkje det første planutkastet oppe til politisk handsaming. Arbeidet med KPA for Gulen blei vidare tatt opp i regionalt planforum 15.04.21.

#### Vedtakskompetanse

Etter *Reglement for folkevalde organ og delegering* avsnitt 41, §4-1 om plan- og bygningsloven, er det fylkesutvalet som har mynde til å uttale seg om kommuneplanen sin arealdel.

Fylkesdirektøren har mynde til fremje motsegn til tema i arealplanar som ikkje er av prinsipiell karakter, og som har vesentleg negativ verknad for myndeområda fylkeskommunen skal ivareta. Fylkesdirektøren har delegert myndet vidare til avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering for motsegn i plansaker som har vesentleg negativ verknad på regionale og nasjonale kulturminneverdiar. Motsegnretten er i medhald av fylkeskommunen sitt reglement for folkevalde organ og delegering datert 05.10.20, avsnitt 41 om lov om planlegging og byggesaksbehandling.

#### Vurderingar og verknader

Fylkeskommunen vurderer kommuneplanen ut frå mål og strategiar i *Utviklingsplan for Vestland*, målsettingar i andre regionale planar, og fylkeskommunen sitt sektoransvar. Ved gjennomgang av planutkastet har fylkeskommunen vurdert tema forankra i desse regionale føringane, mellom anna planfaglege vurderingar, samordna areal- og transportplanlegging, mobilitet og kollektiv, friluftsliv,

idrett, strandsone, folkehelse, universell utforming, klima, medverknad, akvakultur, eigedom og kulturminne.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024: Planframlegget til kommuneplanen sin arealdel for Gulen har på fleire område felles mål med *Utviklingsplan for Vestland*, utan at fylkesdirektøren kan sjå at utviklingsplanen eller andre regionale føringar er brukt aktivt i planarbeidet.

Økonomi: Planframlegget gjev ingen direkte verknader for fylkeskommunen.

Klima: Konsekvensutgreiinga vurderer dei ulike arealtiltaka i planen opp mot utslepp av klimagassar dei vil kunne utgjere. Ei slik vurdering gjer det lettare å ta dei beste vala, og gjer at arealbruken i minst mogleg grad er med på å auke klimagassutsleppa frå transport, landbruk og utbygging.

Folkehelse: Kommunen si folkehelseoversikt er lagt til grunn for utarbeidinga av kommuneplanens arealdel.

#### Innhald i planen

Desse dokumenta ligg til høyring: politisk vedtak, konsekvensutgreiing, plankart, planskildring og oppdaterte føresegner. Prosessen knytt til høyring og offentlig ettersyn har vore noko uoversiktleg, då plandokumenta som først låg på høyring ikkje var dei som skulle leggest til grunn.

Fylkesdirektøren har difor utsett å ta saka opp til politisk handsaming til dette var avklart.

I kommunen sin prosess blei det tatt inn to nye areal som ikkje var med i KU/ROS ved første utsending. Dette gjeld bustadområde B\_67 og næringsområde BN\_25 på Byrknes. I tillegg er det gjort nokre oppdateringar i KU på akvakulturanlegg ,og det er lagt til eit kapittel 10 som gjeld vurderingar av vindkraftutbygging i KU.

Planframlegget slik det framstår no er grundige dokument, og dokumentasjon frå den politiske handsaminga i kommunen gjev eit godt bilete av arbeidet som er gjort mellom første og andre høyring av planarbeidet. Det er likevel slik at kartet som er tilsendt fylkeskommunen ikkje er søkbart på ID-nummer frå KU eller andre som t.d. gnr/bnr, og dette er uheldig for sakshandsaminga. Det er viktig for handsaminga av planar at samsvar mellom dokumenta er tydeleg, også med omsyn til medverknad i vidare forstand.

#### Klima

Fylkesdirektøren vurderer det som positivt at kommunen har gjort klima- og energiutgreiing knytt til samfunnsdelen, men utsleppsreducerande tiltak bør og inkluderast i arealdelen. Dette er til dømes areal som er viktig for opptak og lagring av CO<sub>2</sub>, som skog og myr. Vidare er arealdelen eit viktig verktøy for å sjå utsleppsreducerande tiltak i samanheng med klimatilpassing, til dømes knytt til naturbaserte løysingar. For å nytte naturbaserte løysingar er det viktig at desse areala blir ivaretekne, slik at dei beheld sin naturlege stand og framleis kan fungere som ein buffer mot til dømes flaum og overvatn. Desse områda kan inkludere våtmarker eller små, naturlege bekkar.

I planskildringa sitt kapittel *5.1 Klima*, tredje avsnitt, står det at dei nasjonale utsleppsmåla legg opp til ein reduksjon på 40% innan 2030. Det rette er 50-55%. [Norge skal jf. Parisavtalen kutte klimagassutsleppa med 50- 55% innan 2030 samanlikna med 1990.](#)

#### Folkehelse, medverknad og universell utforming

Det er svært positivt at kommunen arbeider med å implementere folkehelsearbeidet i det overordna planarbeidet. Kommunen si folkehelseoversikt er eit av dokumenta som blir lagt til grunn for utarbeidinga av kommuneplanens arealdel. Folkehelseperspektivet i planskildringa er likevel avgrensa til deltema som friluftsliv og bustadutvikling. Folkehelseomsyn i arealpolitikken omfattar fleire tema. Eit meir overbyggane perspektiv på folkehelseomsyn, vil kunne styrke planskildringa til kommunen.

Natur og friluftsliv har fått stor plass i planskildringa. I eit folkehelseperspektiv er det flott at kommunen tar vare på dei eksisterande friluftsområda, og sørger for tilknytning til bustadområde og område der folk oppheld seg.

Kommuneplanen sin arealdel bør ha føresegner om universell utforming. Planskildringa nemner dette innleiingsvis, samt under overordna føringar og i forbindelse med bustadutvikling. Det vil vere fordelaktig å utvide vurderinga til også å gjelde friluftsområde/turløyper. Det er noko uklart om det finst turstiar som er tilrettelagt for menneske med ulik funksjonsnedsetting eller om universell utforming blir tatt med i vurderinga av turområda.

Kommunen har gjennomført ein medverknadsprosess i samband med utarbeiding av planskildringa til arealdelen. Det er flott at kommunen inviterer både næringsliv og ungdom til å komme med innspel. Om tid ved ein seinare kunnskapsinngang kan kommunen, gjennom ulike møteplassar i lokalsamfunnet, også nå grupper som ofte ikkje deltek i medverknadsprosessar; som eldre, frivillig sektor, innvandrarak og andre grupper. Dette i tillegg til dialog med kommunale råd og næringsliv.

Utvikling av kommunen sine bygdesenter følgjer i stor grad nærleiksprinsippet, kor barnehage og skule, idrettsanlegg, daglegvarebutikkar, bu- og omsorgssenter, sjukeheim og ulike offentlege tenester ligg i nærleiken av kvarandre (særleg i Eivindvik). Dette er med på å byggje opp under kommunen si målsetting om å legge til rette for ein aldersvennleg sentrumsstruktur med variert bustadtilbod som oppmodar til sosial og fysisk aktivitet. I Dalsøyra blir skulen sin gymsal nytta som sambrukslokale til ulike aktivitetar som bygdekino, ungdomsarrangement og ulike møter. Lokala er tilgjengelege for alle og legg til rette for sosial kontakt på tvers av ulike grupper i kommunen.

Kommunen ynskjer også å leggje til rette for bygging av ulike typar bustader med størrelse, kostnadsnivå og universell utforming som gjer at dei er aktuelle for fleire typar bustadbehov. Dette er ei viktig satsing, særskilt med tanke på utjamning av sosial ulikskap. Det kjem likevel ikkje klart fram i planskildringa korleis kommunen har kartlagt dei ulike behova, eller korleis dei skal gjennomføre tilrettelegginga. Sosial ulikskap burde også i større grad vere ein gjennomgåande vurdering i kommuneplanens arealdel, for å få eit breiare perspektiv på folkehelsearbeidet.

#### Friluftsliv, idrett, og strandsone

Det ser ikkje ut til at endringar i arealplanen kjem i direkte konflikt med viktige registrerte friluftsområde i Gulen. Kartlegginga som er gjort av friluftsområde i Gulen er samstundes relativt grov og det er truleg område som i nokon grad blir nytta til rekreasjon og friluftsliv, som ikkje er fanga opp i den kommunale kartlegginga. Særleg i strandsona er det truleg fleire område som er i bruk til opphald og friluftsliv, enn det kartlegginga gjev inntrykk av.

Fylkesdirektøren ser det som positivt at areala for hotell/leiligheitshotell og småbåtanlegg på Båtevåneset er tatt ut frå framlegget, etter innspel til første gongs høyring.

Mange av dei tilrådde arealendringane i planen er knytt til nettopp strandsona, anten i form av naustområde eller småbåtanlegg. Sjølv om presset på strandsona ikkje er like stort i Gulen som i t.d. Bergensområdet, vil ei nedbygging av strandsona samla sett kunne føre til negative konsekvensar for moglegheitene til opphald og fri ferdsel. Fylkesdirektøren vil peike på at vi ikkje er samd i at konsekvensutgreiinga jamt over vurderer konsekvensane av nye naustområde og småbåtanlegg som positive for friluftsliv, med den grunngevinga at områda vert lettare tilgjengeleg. Utbygging av naust og småbåtanlegg i urørte område vil i prinsippet innebere ei privatisering av utmarka og ei innskrenking av allemannsretten. Slike tiltak vil berre kome allmenta til gode dersom det samstundes blir stilt krav om at det vert lagt til rette for allmenn tilkomst og opphald. I ein overordna arealplan kan det vere vanskeleg å sikre at slike vilkår blir ivaretekne på ein god måte ved framtidig detaljregulering og utbygging. Det vil etter vårt syn difor vere feil å konkludera med at konsekvensane av eit nytt naustområde eller småbåthamn blir positive for friluftslivet. Eit anna poeng er at å bygge ned urørt strandsona med naust og brygger, endrar naturen og landskapsopplevinga, som er det som i utgangspunktet gjer området attraktivt for ferdsel og friluftsliv.

I planforslaget er det vist ein del nye område for akvakulturanlegg. Som konsekvensutgreiinga nemner, vil desse anlegga ha ein negativ innverknad på friluftsliv fordi det det vert ferdselsrestriksjonar rundt anlegga. Det konsekvensutgreiinga ikkje vurderer, er at slike anlegg og vil ha ein indirekte innverknad på friluftslivet, ved at dei endrar kystlandskapet og kan ha økologiske konsekvensar for livet i sjøen.

Kommunen har etter det vi kan sjå ingen statlege sikra friluftsområde. Statleg sikring er ein god strategi for langsiktig forvaltning av viktige friluftsområde. Fylkesdirektøren oppmodar difor kommunen til å vurdere om det er område som bør avsetast i arealplanen som framtidige friluftsområde med tanke på statleg sikring.

Det er føreslått eit nytt område for idrett. Dette området er i dag i bruk som skytebane, og det verkar fornuftig å avsette dette området til idrett, ettersom det allereie er i bruk til føremålet.

#### Samordna areal- og transportplanlegging, mobilitet og kollektiv

Planforslaget legg i stor grad opp satsingsområda frå samfunnsdelen ved å vidareutvikle eksisterande senterstruktur med mellom anna vekt på næringsutvikling, bustadbygging, trafikktryggleik og infrastruktur. Fylkesdirektøren viser til dei nasjonale måla som er nedfelt i *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging* vedteken i 2014. Føremålet er at planlegging av utbyggingsområde og transportsystem skal legge til rette for mest mogleg effektiv og miljøvennleg transport slik at transportbehova kan reduserast. Spreidd busettingsmønster og desentralisert næringsstruktur er faktorar som påverkar transportsystemet si evne til mest mogleg effektiv og trygg ferdsel mellom ulike målpunkt. Oppfølging av dei nasjonale målsettingane er innarbeidd i regionale styringsdokument, til dømes *Regional transportplan*.

I hovudsak er fylkeskommunen positiv til areala som er føreslått sett av til bustad i ny KPA. Kommunen har tatt ut fire bustadområde i planen, og vidare er ni LNF-spreidd tilbakeført til LNF-føremål. Kommunen har også sett krav om reguleringsplan for B21 Orneset og B64, B65 og B66. Dette er i tråd med innspel i den administrative fråsegna til 1. gongs høyring. Areal til bustad og næring er i stor grad lokalisert til eksisterande grender. Fylkesdirektøren vil likevel rå til å redusere talet bustadeiningar på RP B61 ved Byrknes. Det avsette arealet er lokalisert eit stykke frå sentrum med skule og butikk, og det er omlag 1,5 km til næraste busshaldeplass. I rekkefølgekrav 3.4 står det at «Det bør sikrast trygg skuleveg og veg for mjuke trafikantar frå regulerte områder til skule og andre tenestetilbod, eventuelt til næraste busstopp.» Kommunen bør vurdere å stille krav til at større bustadområde (10-15 einingar) skal ha dokumentert trygg tilkomst til grunnskole og til kollektivstopp.

I kommunen sin prosess blei det tatt inn to nye arealføremål med krav om reguleringsplan, som ikkje var med i KU/ROS på første utsendinga: bustadområde B\_67 og næringsområde BN\_25 på Byrknes. Samstundes erfarer vi at kommunen varslar oppstart for planarbeid med hovudføremål bustad og hotellverksemd (Byrknes Panorama). Dette er kopla til dei nemnde areala i KPA, og i tråd med Gulen sitt fokus på utvikling av Byrknes som eitt av dei fire bygdesentra.

#### Sentrumsavgrensing

Fylkesdirektøren har i tidlegare fråsegn vist til gjeldande regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter frå 2017. Her står det i kapittel 3.3. *Lokalisering av handel og kjøpesenter*. «Avgrensing av sentrumsområde skal vere fastsett i gjeldande kommuneplan, eller etter ei planfagleg vurdering kan ein avgrense sentrumsområde i områdereguleringsplan.» Dette ville vere særleg relevant for Eivindvik, og vi legg til grunn at dette blir gjort i denne planen eller i reguleringsplan. Vi registrerer at kommunen fremjar oppstart for eit detaljreguleringsarbeid sentralt i Eivindvik. Intensjonane til oppstart er gode for framtidig utvikling av området med tanke på m.a. næring, bustad og trafikktryggleik. Dette planarbeidet kan vere eit godt høve til heilskapleg avklaring av Eivindvik sentrum. Det vil vere eit godt grep å gjere ei vurdering av sjølve plangrensa.

#### Akvakultur

Fylkesdirektøren registrerer at kommunen i 2. gongs høyring av KPA har valt å ta ut dei nye akvakulturområda til algar og akvakultur og eit område for laks/regnbogeaure som var tilrådd i første høyringsrunde. Vi har ikkje merknadar til dette.

Fylkeskommunen meiner det er positivt at kommunen går vidare med dei endringane som gjeld akvakulturområde for laks/regnbogeaure, med unntak av Ospeneset. Dette er mindre justeringar, og vi seier oss samd med kommunen i at konsekvensane for dette er små.

Vi vil understreke at tilstrekkelege og store nok akvakulturområde i kommuneplanane er naudsynt for å kunne utvikle produksjonsformer som gir betre fiskehelse og kan løyse andre utfordringar. Det kan vere trong for omstrukturering, samlokalisering, endring av anlegg eller bruk av ny teknologi. Kommunale arealplanar er viktig for å peike ut område som er eigna til akvakultur, både i høve til næringa sine behov og krav som følgjer av ulike sektorlovverk.

#### Eigedom

I samband med regionreforma vart Kystverket sine fiskerihamner overført til fylkeskommunen frå 01.01.2020. Fylkeskommunen har ansvar for alle anlegga som er lista opp i vedlegg A i KPA for Gulen kommune, med unntak av Svartsund.

Alle seks anlegga er i dag lista som næringsaktive, og skal i utgangspunktet behaldast og haldast ved like av fylkeskommunen. Eigedomsavdelinga går likevel no gjennom kvart fiskerianlegg i detalj og etterprøver graden av næringsverksemd, med formål å avhende dei anlegga som berre er marginalt aktive. Kor vidt nokre av anlegga i Gulen hamnar inn under denne kategoriseringa veit vi ikkje pr. i dag. Kommunen vil bli kontakta i samband med kartlegginga.

I føresegnene, 4.4.4 - *Fiske*, står følgjande: «I sjøområde som er sett av til låssetting av fisk har tradisjonelt fiske prioritet. Det må ikkje komme installasjonar i låssettingsplassane som kan hindre utøving av fiske.» Dette er også i tråd med VLFK sine ønskjer.

Det einaste spesifikke i planen som gjeld våre anlegg, er framtidige planar om akvakultur ved Nesevågen (Tabell 19: Akvakulturområde). Om allmeningskaia i Nesevågen skal nyttast, ser vi det som naturleg at VLFK er med å legge til rett for denne verksemda.

#### Infrastruktur og veg

Kommuneplanen er ei vidareføring av eksisterande plan, der delar av planen er oppdatert, endra eller tilpassa etter kommunen sine framtidsmål. For fylkesvegnettet ser vi at nokre få strekningar vil bli påverka av nye arealformål, mellom anna bustadfelt i Dalsøyra og Byrknes, og utvida industriareal i Sløvåg.

For industriområdet Sløvåg er det stilt plankrav til nye næringsbygg, noko vi stiller oss positiv til. Også her er det viktig legge vekt på felles vegløyning og kopling til fylkesvegen for industriarealet, og i tillegg stille krav om nye avkøyrslar/kryss skal byggjast etter Handbok N100

Gamle fylkesvegnummer i planomtalen (kap.5.4) må bytast ut med dagens nummer. Riktige vegnummer finn de på vegkart.no.

Mellom førre høyring og denne høyringa har fylkeskommunen vedteke *Rammeplan for avkøyrslar og byggegrenser*, med verknad frå januar 2021. Ifølgje føresegn 3.3.1.a. legg kommunen rammeplanen til grunn ved handsaming av byggegrense- og avkøyrslaker. Vi gjer merksam på at rammeplanen til fylkeskommunen berre gjeld fylkesvegnettet, slik at føresegna må endrast der det står «fylkesveg», og ikkje «riks- og fylkesveg».

Ei vesentleg endring frå førre rammeplan er fastsetting av byggegrense for fylkesvegar for dei ulike haldningsklassane. Tidlegare vart det praktisert 15, 30 og 50 meters byggegrense basert på haldningsklassen. Dette er ikkje lengre tilfelle, der rammeplanen føl veglova § 29 og har no fastsett ei byggegrense på 50 meter for alle fylkesvegane. Det er mogleg for kommunen å fastsette andre byggegrenser i føresegnene til kommuneplanen for dei ulike fylkesvegane, men vår tilråding er at 50 meters byggegrense vert normalen. Dette er den vanlege praksisen i andre kommunar, og vår haldning er at fylkeskommunen skal ha dispensasjonssøknadene.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne og kulturmiljø er ein ikkje-fornybar ressurs som skal takast vare på i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Både som vitskapleg kjeldemateriale og som synlege element i omgjevnadane, skal desse ressursane gje varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjonar sin kunnskap og oppleving av kulturarven. Avdelingsdirektøren for kultur, idrett og inkludering har to administrative motsegnspunkt og trekker to motsegner:

#### Administrativ motsegn

Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering fremjar motsegn til kommuneplan for Gulen kommune. Motsegna vert fremja med heimel i plan- og bygningslova § 5-4, og etter vurderingar i tråd med Rundskriv T-2/16 punkt 2. Motsegn er difor naudsynt for å ivareta kulturmiljøverdiane.

- 1) Grøntområdet rundt Gulatingsstaden i Eivindvik må utvidast i søraust og aust, jf. vedlagt kart. Arealet må regulast til H570.

Motsegna vert trekt dersom plankart og tilhøyrande tekst blir endra i samsvar med saksutgreiinga.

- 2) Omsynssoner for automatisk freda, vedtaksfreda, listeførte og regionalt viktige kulturminne og kulturmiljø må avmerkast lesbart på plankart.

Motsegna blir trekt dersom fylkeskommunen får førelagt plankart og gjev tilbakemelding om at alt er korrekt.

- 3) Avdelingsdelingsdirektøren for kultur, idrett og inkludering trekker motsegna knytt til teksten om omsynssone H730 og automatisk freda kulturminne reist ved 1.gongs høyring. Teksten om H730 i noverande i føresegn 5.2.7.b er endra i tråd med motsegna.

4) Avdelingsdelingsdirektøren for kultur, idrett og inkludering trekker motsegna knytt til teksten om spreidd utbygging reist ved 1.gongs høyring. Teksten er endra vedrørende høyring av desse sakene i noverande avsnitt 4.3.2.

Vi vil innleiingsvis gje ros til kommunen for arbeidet som har blitt lagt ned i prosessen med arealdelen. Ikkje minst har det blitt gjort ei sterkare avveging av arealbehov, og føresegner har blitt tydelegare. Fylkeskommunen har likevel to motsegnspunkt til planen.

Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering fremjar motsegn for å ta vare på dei naturlege omgjevnadane rundt tingstadorområdet i Eivindvik. I framlegg til plan er dette arealet lagt ut til bustadføre mål.

Tingområdet for Gulatinget er eit viktig geografisk område i historia om demokratiseringsprosessen i Noreg. Dette var lagtinget for heile Vestlandet og Sørlandet, sjå vedlagt kart. Det originale tingområdet er av høg nasjonal og regional verdi. Gulatingslova var inspirasjon i følgje sagaen til lova på Island. Thingvellir er teken opp på UNESCOs verdsarvliste.

For å gje folk i dag og i framtida oppleving og forståing av tingområdet er det viktig å ta vare på det naturlege landskapet på tingstaden. På dei årlege tingseta i vikingtid og mellomalder føregjekk det mange funksjonar. Mange av desse funksjonane er vanskeleg å identifisere i dag, men det vitskapelege kjeldematerialet i jorda kan bli analysert med framtidige metodar. Vi viser også til lov om kulturminne §1.




Fig. 1: Lovområdet under Gulatinget i vikingtid og høg mellomalder. Kartet er henta frå boka Gulatinget og Gulatingslova av Knut Helle 2001.

Området på og ved tingstadorområdet i Eivindvik er i dag mykje prega av bygg og funksjonar ført opp i andre halvdel av 1900-talet. Det er difor viktig å ta vare på det som er igjen av det naturlege landskapet i tingstadorområdet.

Det konkrete arealet må inngå i grønstrukturen knytt til tingstadorområdet i Eivindvik og vere med å omkransje tingstadorområdet. Arealet må regulerast med omsynssone H570. Det konkrete arealet er merka med skrånne strekar på figuren nedanfor.

Dette arealet er, med unntak av i hovudsak vegar, utan moderne tiltak i dag. Arealet vil vere med å danne austleg og søraustleg del av dette landskapsrommet som tingstadorområdet ligg i. På ein avsats i terrenget ligg det eit automatisk freda kulturminneområde, ID 191407 som er datert til jernalderen (folkevandringstida 400-570 e.Kr.) og er tolka som dyrkingslag. Det automatisk freda området er viktig, og dokumenter så langt den eldste bruken av området, men det er enno for tidleg å fastslå om tingstadorområdet har vore i bruk så langt tilbake i tid.




Fig. 2: Området med skråstilte strekar må inngå i grøntområdet rundt tingstadsområdet og regulerast til H570.

Avdelingsdirektøren for kultur, idrett og inkludering fremjar motsegn til mangelfullt kart som vedkjem den juridiske statusen til kulturminne og kulturmiljø som fylkeskommunen har forvaltingsansvar for.

Tilgjengeleg kart er ikkje tilstrekkeleg leseleg når det gjeld markering av omsynssoner for automatisk freda, vedtaksfreda, listeførte og regionalt viktige kulturminne og kulturmiljø. Kart må føreleggast fylkeskommunen for kontroll og tilbakemelding.

Avdelingsdirektøren for kultur, idrett og inkludering har også særskilte merknader til planframlegget. Dei ligg i vedlegg kalla «Kulturminne og kulturmiljø».

### Konklusjon

Ved gjennomgang av planutkastet ser fylkesdirektøren at planframlegget i stor grad har tatt omsyn til regionale innspel frå første høyring, og dermed er meir i tråd med vedteken regional politikk og føringar. Planarbeidet stør opp om utviklinga av bygdesentra med omsyn til areal for næring og bustad. Kommunen har på fleire måtar søkt å løyse utfordringar knytt til klimatilpassing, t.d. gjennom omsynssoner knytt til steinsprang, jord- og flaumskred. Gjennom planarbeidet signaliserer kommunen eit sterkt fokus på friluftsliv og folkehelse, med utgangspunkt i dei ressursane kommunen rommar.

Fylkeskommunen har konkrete innspel der vi mellom anna rår til at kommunen legg oppdatert kunnskapsgrunnlag og retningslinjer til grunn. Dette gjeld mål for klimagassutslepp, nye statlege planretningslinjer for strandsoneforvaltning og rettleiar for universell utforming.

Vestland fylkeskommune kan ikkje sjå at Gulen kommune har teke nok omsyn eller sikra kulturminne og kulturmiljø tilstrekkeleg i planen. Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering fremjar difor administrativ motsegn til planen, då den har vesentleg negativ verknad for myndeområde som fylkeskommunen skal ivareta.